

## TYDELEG SJUKEPLEIAR – KORLEIS OG FOR KVEN?

*Tove Giske, visepresident i NCFI, redaktør for Tidsskrift for fag og tro, førsteamanuensis & fag og forskningsjukepleiar i kombinasjonsstilling ved Haraldsplass Diakonale høgskole og Haraldsplass diakonale sykehus.*

*Edeen Jalloh, sjukepleiar frå Sierra Leone, nettopp ferdig med to-årig bachelorstudie i sjukepleie frå University of Ternopil, Ukraina.*

I september i år feiarar NSF at det er 100 år sidan organisasjonen vart starta. NSF har valt TYDELEG, MODIG & STOLT SJUKEPLEIAR som hovudtema for jubileumsåret. KFSS har også jubileum i 2012. Vi feiar at det er 30 år sidan KFSS vart starta. KFSS har latt seg inspirere av NSF og har valt TYDELEG, MODIG OG STOLT KRISTEN SJUKEPELIAR som sitt hovudtema for 2012.

I dette nummeret av Tidsskrift for fag og tro har vi særleg fokus på forhold som påverkar det å vere TYDELEG og det å vere ein TYDELEG kristen sjukepleiar. I arbeidet med innhaldet i artikkelen har vi reflektert over spørsmål som:

- \* Kva betyr det å vere tydeleg?
- \* Kvifor er det viktig å vere tydeleg?
- \* Korleis utviklar vi den gode faglege tydelegheita?
- \* Korleis kan ein vere tydeleg som kristen sjukepleiar?

### TYDELEG

Å vere tydeleg kan bety å vere lett å forstå, synleg, merkbar, eintydig, klar, vel gjennomtenkt, velformulert og konsekvent. Den som skil seg ut

frå mengda og utfordrar, vert ofte tydeleg for andre. Å vere tydeleg kan også bety å ha valt side, som det å vere pasienten sin advokat eller å stå opp for dei som ikkje kan snakke for seg sjølv.

Ei ”stillare” form for tydelegheit, som pasientar legg godt merke til, kan handle om å vere dyktig, ha eit godt handelag, vere fokusert, til stades, henvendt, og å uttrykke ro og trygghet. Pasientar kan også tydeleg merke når vi ikkje er til stades ved at dei vert oversett, ikkje lytta til, ved at vi er raske og har tankane våre andre stader enn i den aktuelle situasjonen. Dette er ei form for tydelegheit som vi ikkje liker å bli minna på.

Å vere vag, utydeleg, uinteressert eller slu er ikkje bra. Vi har eit ordtak som dekkjer mykje av dette: ”Å snu kappa etter vinden”. Det kan handle om mangel på karakter eller at ein ikkje tenker eller veit kva ein står for. På den andre sida er det heller ikkje bra å vere overtydeleg, påtrengande, masete eller frekk. Eit viktig spørsmål blir derfor: Kva må tydelegheit vere balansert mot for å vere god både for pasient og sjukepleiar? For mykje eller for lite kan vere vondt for begge partar. God faglege tydelegheit må derfor vurderast i forhold til person, situasjon og konteksten det heile inngår i og den må alltid utøvast i tråd med faglege skjøn.

### KVIFOR ER DET VIKTIG Å VERE TYDELEG?

Faglege tydelegheit er viktig for å nå faglege mål. Dersom sjukepleiaren manglar faglege perspe-



ktiv på arbeidet sitt, kan dagen lett bli fylt av oppgåver og ønske frå andre faggrupper som gjer at det ikkje vert tid igjen. Ein tydeleg sjukepleiar kan betre prioritere i ein travel kvardag slik at pasienten får god sjukepleie. Signe Valset (2005) har skreve ei kritisk bok om utviklinga av sjukepleien i Norge. Ho spør om det har skjedd ei endring i målsettinga slik at vi er blitt meir opptekne av å vere medisinske assistentar enn av å vidareutvikle den terapeutiske og pedagogiske funksjonen i faget vårt. I den grad ho har rett i kritikken sin, har vi svikta i å følgje opp pasientar ut frå eit heilheitleg perspektiv. Nettopp det heilheitlege fokus er sjukepleien sitt

kjennemerke, noko som både sjukepleieteoriar og yrkesetikken utfordrar oss til å praktisere. Sjukepleiefagleg tydelegheit er altså viktig for å kunne prioritere og fokusere på det som er sjukepleien sitt ansvarsområde i det tverrfaglege samarbeidet. Tydelegheit er også viktig i møte med den enkelte pasient for å bygge gode relasjonar; fundamentet for all god sjukepleie.

## KORLEIS UTVIKLE TYDELEGHEIT?

Gjennom utdanning, i teori og praksis, lærer studentar eit fagleg perspektiv og utviklar sjukepleiefagleg identitet. Dei lærer korleis dei kan stille spørsmål, observere pasientar, korleis dei skal tenke om, tolke og vurdere faglege forhold. Og dei lærer korleis dei skal dokumentere sjukepleie. Når sjukeleiaren tilegnar seg kunnskapar, utviklar ferdigheiter og øve opp etisk dømmekraft, aukar kompetansen og det å vert lettare og meir naturleg å vere tydeleg både i forhold til pasientar og kollega.

Joharis vindu er ein psykologisk modell som illustrerar korleis vi kan arbeide med oss sjølve (sjå Figur 1). Luft & Ingham hevdar at kommunikasjonen vert betre når vi er tydelege og lyttande til kvarandre. Evna vår til å ta imot tilbakemelding og å lytte til innspel frå andre er nødvendig for å kunne danne seg eit bilete av korleis andre opplever oss. Joharis vindu viser at korleis eg opplever meg sjølv ikkje alltid trenger å samsvare med andre si oppleving av meg. Det som skjer i det opne og skjulte feltet er forståeleg for meg. Det som skjer i det blinde feltet kan gjere meg utrygg fordi eg ikkje forstår kvifor folk reagerer som dei gjer på det eg seier og gjer. Sidan ander har betre tilgang på det som skjer her enn meg sjølv, kan tilbakemelding frå andre vere til stor hjelp for meg. Det som ligger

i det ukjende feltet har verken eg eller andre tilgang til, men det kan likevel ligge der og styre livet mitt. Dette er i tråd med den danske teologen og filosofen K.E. Løgstrup seier at når han hevdar at fagpersonar treng "selvkonfrontasjon og modning av personligheten og kontaktevne for å være en god fagperson" (Løgstrup 1983).

Figur 1 Joharis vindu.

|                       | Slik andre ser meg   |   |
|-----------------------|--|---|
| Slik eg ser meg sjølv | <b>Det opne felt</b><br>- Synleg for meg og andre              | <b>Det blinde felt</b><br>- Synleg for andre, usynleg for meg |
|                       | <b>Det skjulte felt</b><br>- Synleg for meg, usynleg for andre | <b>Det ukjente felt</b><br>- Usynleg for meg og andre         |

I den grad pasientane er tydelege, vil kommunikasjon og samhandling bli best muleg. I nokre situasjonar kan det vere mykje usikkerheit knytt til pasientens sin situasjon, som td. når pasienten er til utredning eller opplever akutt sjukdom. Då er det vanskeleg både for pasient og sjukepleiar å vere tydeleg. Ved kronisk sjukdom kan det vere lettare for pasientar å ta aktivt del i beslutningar som gjeld eige liv og helse. For å kunne vere aktiv hjelper det pasienten å ha/få informasjon og bli invitert til å vere med.

## KORLEIS UTØVE TYDELEGHEIT

I vårt herleg yrke møter vi mange menneske som kjenner seg sårbare og at dei i møte med helsevesenet er utlevert til vår kunnskap og velvilje. Lat oss sjå på eit eksempel på korleis vi som sjukepleiarar kan vere tydelege når vi arbeidar med AIDS pasientar. Korleis kan vi vere tydelege dersom vi er redde for å kome nær slike pasientar, og korleis kan desse

pasientane vere tydelege når dei tenker på korleis dei vert oppfatta i samfunnet? La oss tenke oss ein ung mann som har gode grunnar til å tru at han har utvikla AIDS. Pasienten vil vere veldig skeptisk til å vere tydeleg i møte med helsepersonell fordi han er redd for å bli stigmatisert eller for å få uventa reaksjonar frå dei. Sjølv om vi no har medisin som forlengar livet til AIDS pasientar, er stigmatisering av å ha denne sjuk-

domen høg. Som sjukepleiarar er vi alltid opptekne av kor stor grad av åpenheit vi kan ha i forhold til slike pasientar sidan mange av dei er reagerer på ein måte som er vanskeleg å vite på førehand. Så sjukepleiaren må finne ut av korleis ho skal møte denne unge mannen før svara på prøvene er klare. Dersom resultatet viser HIV-positiv for eksempel, hender det at sjukepleiarar trekker seg vekk frå pasienten, og verken pasienten eller sjukepleiaren klarer å ver etydelege for kvarandre. I den grad dette skjer her, vil denne unge mannen bli dårlege forberedt til å leve så godt som muleg som HIV-positiv.

Den danske teologen og filosofen Løgstrup har formulert det veldig treffande kor avhengig vi er av kvarandre, og at vi påverkar kvarandre sine liv i stor grad:

"Den enkelte har aldri med et annet menneske å gjøre uten å holde noe av dette menneskets liv i sine hender. Det kan være svært lite, en forbigående stemning, en

oppstemthet, en vekker som får en til å visne, en tristhet som forsterker eller letter. Men det kan også være skremmende mye, slik at det simpelthen er opp til den enkelte om den andre lykkes med sitt liv eller ikke” (Løgstrup 1956/99, s. 37).

Løgstrup kan hjelpe oss på veg til å vere tydeleg på ein skjønnsom måte. I bøkene hans skriv han om spontane livsytringar: grunnleggende menneskelege forhold og som ber liva våre. Eksempel på spontane livsytringar er tillit, barmhjertigheit, medfølelse, respekt for urørlichkeitssona, talens åpenhet. For denne artikkelen er det av særleg interesse å sjå på korleis ”Talens åpenhet” og ”Respekt for urørlichkeitssona” arbeider saman. Løgstrup seier at desse to livsytringane står i ”forende motsetningar” til kvarandre, og at desse motsetningane held oss sanne, levande og fleksible og hindrar at vi stivnar i rutinar og gjer livet enklare enn det er. Alt liv har ei urørlichkeitssone rundt seg, ei grenser som skal respekterast og som vi ikkje skal trø over. Den tar vare på integriteten vår og hindrar at vi blottstiller oss. Urørlichkeitssona appellerar til andre om å vere merksam på kvar grensene går og til å beskytte og ta vare på den andre. Men dersom urørlichkeitssona blir ståande aleine kan det skape avtand mellom oss slik at vi vert framande for kvarandre. ”Talens åpenhet” utfordrar urørlichkeitssona ved at vi snakkar åpent, klart og tydeleg om ting. Vi viser kven vi er og kva motiv vi har. Denne åpenheita er viktig for samliv og samvær med andre. Men for mykje kan føre til ”tankelaust snakk” og at vi invaderer den andre. Å halde åpenheita og respekten for urørlichkeitssona i eit levande og dynamisk forhold til kvarandre gjer oss vare og fleksible i møte med andre.

## KORLEIS VERE TYDELEG SOM KRISTEN SJUKEPLEIAR

Korleis kan vi vere tydeleg som kristne sjukepleiar og kva utfordringar står vi i? Både studentar og lærarar uttrykte i ein studie at det å snakke om åndeleg forhold er tabubelagt i Norge (Giske & Cone 2012). I avisa Vårt Land vart det i 31. mars i år referert til ein studie der over 500 personar hadde blitt spurt om kristne dei kjende var opptekne av å fortelje om trua si. 72 % svarte nei til dette og det kan vere mange grunnar til det.

Til tross for dette synest det som om vi går mot større åpenheit i Norge om trusspørsmål og korleis dette påverkar liva våre. Erik Solheim tok opp at Gud må med i internasjonale samtalerom både i forhold til miljøvern og fred, og psykolog Gry Stålsett (2012) ved Vita, Modum Bad disputerte i januar med tema ”Existential and Religious issues in psychotherapy”. Til Forsking.no seier ho: Når religion kommer på banen, skygger ofte psykologene unna. Men nå kan pasienter ta Gud med seg inn i terapirommet”. I den grad dette stemmer, ønsker vi det velkommen.

Utfordringa er likevel å finne ut korleis vi som kristne sjukepleiar skal vere tydeleg på ein god måte. På engelsk seier dei ”Walk you talk”, og det kan vere vår rettesnor her. Gjerningar talar høgare enn orda våre og dei er meir truverdige. Eit av dei vakraste vitnemåla om å vere tydeleg som kristen vart gjeve då ein kristen lege gjekk av med pensjonen for ei tid sidan. Sjukepleiarane gret då han slutta. Då dei vart spurde om kvifor dei var så glade i denne legen sa dei: Han er så lett å samarbeide med, han er flink, han følgjar opp det han skal, han er fin med pasientane og han bryr seg om oss. Det er omtrent som å lese det Paulus oppfordrar dei i Filippi å gjere: ”Alt

som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det!” (Fil.4:8). Det handlar om ei holdning og faglege kvalitetar i møte med livet og arbeidet.

Eit anna Pauli ord minner oss om at vi treng å utvikle visdom, at tida er dyrebar og at vi gjer vel i å bruke den godt. Han seier: ”Gå fram med visdom mellom dei som står utanfor, og bruk den dyrebare tida godt. Lat alltid orda dykkar vera venlege, men godt salta, så de veit korleis de skal svara kvar einskild” (Kol. 4:5-6). Å vite korleis vi skal svare krev kunnskap, trening og skjønn. Det utfordrar oss til å sjå på livet og arbeidet med Guds blikk. Han minner oss på at vi er skapt til å gjere gode gjerningar og at desse ligg der ferdige for oss (Ef. 2:10). Ikkje for at vi skal streve og stress med det, nei vi skal ”vandre i dei”. Å vandre i høyrest herleg og godt ut, det er å vere i takt med oss sjølve og med det som skjer rundt oss.

### Litteratur:

- Bibelen  
 Giske, T. & Cone, P. (2012) Opening up to Learning Spiritual Care of Patients. A grounded theory study of nursing students. Journal of Clinical Nursing, in print  
 Joharis vindu [http://no.wikipedia.org/wiki/Joharis\\_vindu](http://no.wikipedia.org/wiki/Joharis_vindu)  
 Løgstrup K.E. (1956/1999) Den etiske fordring. J.W. Cappelens Forlag.  
 Løgstrup, K.E. (1983) System og symbol. Essays. Gyldendal  
 Stålsett, G (2012) <http://www.forsking.no/artikler/2012/januar/311022>  
 Valset, S. (2008) Veivalg i sykepleien. Gyldendal akademiske.